

# Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation

Org.nr. 993 539 686

## ÅRSMELDING 2018

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi.

Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande grunnskular, i 2018 har aktiviteten vore konsentrert om områda Chihame og Nkhata Bay South. I tillegg er vi involvert i bygging av ein vidaregåande skule, barnehage og ikkje minst med bygging av brønnar. Arbeidet skjer i tett samarbeid/avtale med lokale og regionale skulemyndigheiter og landsbystyre. Alt arbeid blir utført av lokal arbeidskraft, og vi legg vekt på opplæring av desse.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på 587 680 kroner i aktivitetsresultat. Hovudinntektene kom frå tilskot på 400 000 kroner frå NORAD til skulebygningar i området Nkhata Bay, og 202 800 kroner frå Lions Club. Av andre gåver er vel 68 000 kroner øyremerka brønnar.

Underskotet for 2018 vert dekkja opp av eigenkapitalen/annan føremålskapital. Eigenkapitalen er på 1 626 197 kroner, i dette ligg også grunnkapitalen på 100 000 kroner. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Aktiviteten vil halda fram i også 2019. Vi held fram samarbeidet med Lions Club, 2019 er år to av ein femårsavtale. Omfanget av skulebygging vil bli avpassa inntektene, som er noko meir usikre etter at NORAD har avvikla støtta til GHBMF.

Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende osv. Vi brukar facebook-sida vår aktivt for å spreie kunnskap om arbeidet vårt, og både om og til støttespelarane. Døme på gåve til arbeidet vårt er skuleaksjonar, aktivitetar i barnehagar, støtteaktivitetar/innsamlingar i lokale organisasjonar og faste givarar (bedrifter og private). Organisasjonen har status som organisasjon med rett til skattefrådrag for givarar.

Rekneskapen er ein aktivitetsrekneskap, dvs gåver vert inntektsførte når dei er motteken, så langt dei ikkje er bundne opp til særskilte tiltak, eller er gitt med atterhald om bruk i tildelingsperioden.

I alt 118 684 kroner er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skattetrekk til styresmaktene. Stiftinga sine administrasjonskostnader, 17 473 kroner, kjem frå bankgebyr og offentlege gebyr, i tillegg til dagleg leiar sine reisekostnader til Malawi. Det er gitt særskilde gåver til stiftinga til dekning av reisekostnadene (inntektsført som gåver).

Stiftinga er frå og med 2013 registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret. Følgjande nøkkeltal for drifta er utarbeidd:

Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 %

(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling.)

Administrasjonsprosent: 1 %

(Viser kor stor del av totalt tilgjengelege midlar som er brukt til administrasjon.)

Formålsprosent: 99 %

(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet.)

Stiftinga har ingen tilsette i Noreg, og tre tilsette i Malawi (tre menn). Stiftinga har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Oslo, 4. april 2019



Kari Bjørke

styreleiar



Arnstein Bjørke

styremedlem



Ola Grønn-Hagen

dagleg leiar